

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

*Merknader til referatet må sendast til [arve.uthaug@if.uib.no](mailto:arve.uthaug@if.uib.no) seinast 11. juni 2015.*

**Dato:** torsdag 28. mai 2015

**Stad:** seminarrom 216 i andre høgda av HF-bygget.

## **Frammøtte:**

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari E. Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk) Annette M. Jørgensen (spansk), Kjetil Berg Henjum (tysk) og Åse Johnsen (instituttleiar)

Frå gruppe B: Guro Sandnes

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Lars Ask og Lusine Mkrtchyan

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som referent.

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjende utan merknader.

## **Sak 2 – godkjenning av referatet frå 25. mars 2015**

Godkjent utan merknader.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A) Økonomien ved Det humanistiske fakultetet: instituttleiar viste til allmøtet tidlegare på dagen (28.5) med orientering om den økonomiske situasjonen ved fakultetet. Fakultetet reknar med å overføra eit underskot på om lag 10 millionar frå 2015 til 2016. Underskotet skuldast omfordelingskutt ved UiB, dårlegare resultatinntening frå forskning og undervisning og høge lønskostnader. Johnsen refererte brevet frå fakultetet 19. mai 2015 med kortsiktige innsparingstiltak (ePhorte 14/5352).
- B) Økonomien ved instituttet: budsjett for innleigde lærarar hausten 2015 er sendt ut som vedlegg til innkallinga. Instituttet har budsjettert med eit underskot på 770 000 kroner på driftsbudsjettet ved utgangen av 2015, og sosiale kostnader førte på IF vil koma i tillegg. Samstundes prøver instituttleiinga å spara, og fakultetet har gått med på å overta lønsutgiftene for dei to språkpedagogane på russiskfaget frå og med 1.1 i år.
- C) Sakkunnige komitear arbeider med å vurdere søkjarane til stillinga i kinesisk, to stillingar i engelsk fagdidaktikk og ei stilling i arabisk. Elisabeth Tiselius har sagt opp toarstillinga si (20 prosent) frå sommaren 2015. Christian Manga vert overført frå master til ph.d. på kvoteprogrammet 15. august.

## **Sak 4 – Modell for forskarutdanninga ved instituttet**

Instituttleiar Johnsen orienterte om saka. Stipendiat Sandnes meinte det burde vore eit tettare samarbeid mellom IF og LLE om estetiske og litterære fag innan forskarutdanninga. Johnsen var samd i dette, og viste til at instituttet ventar på svar frå LLE om det vidare samarbeidet. Haugland la fram eit skriftleg utkast med justeringar av modellen for forskarutdanninga ved IF. Dei fleste justeringane møtte ingen innvendingar i møtet, men det var litt ulike oppfatningar av om andre fast vitskapleg tilsette enn leiaren av forskarskulen skulle delta i avhandlingsseminara. Johnsen meinte rettleiaren ikkje bør vera til stades når eigne kandidatar legg fram frå avhandlinga si på seminar, men at det var viktig at andre vitskapleg tilsette deltok. Her blir det lagt inn ei kompromissformulering om at «Det åpnes for at vitenskapelig ansatte (...) når det er ønskelig». Elles vart justeringane frå Haugland inkorporerte i modellen.

Leiar av forskarskulane må få administrativ hjelp med budsjettoppgåvene, meinte Haugland.

Jørgensen tok opp spørsmålet om ulike retningslinjer for artikkelbaserte avhandlingar rundt om i verda. Johnsen meinte dette spørsmålet burde takast opp i FFU.

*Vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek modellen for organisering av den lokale forskarutdanninga ved IF, med justeringane Kari Haugland la fram i møtet og med formuleringa «Det åpnes for at vitenskapelig ansatte (....) når det er ønskelig».*

Den vedtekte modellen for forskarutdanninga ligg ved referatet.

### **Sak 5 – Ny strategiplan for Universitetet i Bergen**

Det blir arbeidd parallelt med nye strategiplanar for instituttet, fakultetet og UiB sentralt. Berg Henjum ville ha ut orda «verdsleiande» og «verdsklasse» om forskingsmiljø i UiB-strategien. Berg Henjum skriv ei setning om dette som instituttleiar inkluderer i høyringsfråsegna.

*Vedtak (samrøystes): Rådet vedtek høyringsfråsegna om UiB-strategi med tillegget frå Berg Henjum om «verdsleiande» og «verdsklasse».*

### **Sak 6 – Budsjettinnspel til fakultetet for 2016**

Instituttleiar presenterte stillingsønska vi prioriterte i fjor og dei ulike ønska om stillingar som er komne inn no i år. Johnsen foreslo å prioritera førsteamanuensisstilling på japansk først, deretter stilling på språkdisiplinen i tysk på andre og spansk fagdidaktikk på tredje plass.

*Vedtak (samrøystes): Instituttrådet prioriterer ønske om faste stillingar i denne rekkjefølgja:*

- 1. førsteamanuensis i japansk (100 prosent)*
- 2. språkstilling på tysk (100 prosent)*
- 3. stilling i spansk fagdidaktikk (100 prosent)*
- 4. stilling i russisk språk, eventuelt omgjering og tidleg utlysing av Helle si stilling (100 prosent)*
- 5. stilling i latinamerikansk kulturkunnskap (100 prosent)*
- 6. morsmåslærer på japansk (50 prosent)*

I tillegg kjem instituttet til å ta opp behovet for ei mellombels stilling i fransk språk.

Utanfor ramma vil instituttet be om ei stipendiatstilling i kinesisk og ei mellombels stilling på arabisk knytt til vidareutdanning (ikkje full stilling).

Brevet med budsjettprioriteringar for 2016 blir sendt på sirkulasjon til rådsmedlemane før det blir sendt fakultetet innan fristen 1. juli.

### **Sak 7 – Mandat for ny didaktikk-koordinator ved instituttet**

Berg Henjum ønskte eit tillegg i form av ein innskoten parentes i punkt 1 av retningslinene, slik: «(.....) med fagdidaktikken (inkl. emnebeskrivelser) ved IF».

*Vedtak (samrøystes): Rådet ved Institutt for framandspråk vedtek dei framlagde retningslinene med tillegget frå Berg Henjum for det nye vervet som koordinator for det fagdidaktiske tilbodet ved instituttet.*

Dei vedtekne retningslinene er lagde ved referatet.

### **Sak 8 - ymse**

Haugland etterlyste at referata frå instituttrådet vart lagt ut tilgjengeleg for alle ved instituttet.

Åse Johnsen,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef

## MODELL FOR FORSKERUTDANNINGEN VED IF FRA HØSTEN 2015

*Vedtatt av rådet ved Institutt for fremmedspråk 28.mai 2015*

Bakgrunn:

Instituttlederne ved LLE og IF satte høsten ned en arbeidsgruppe for å se på forskerutdannings-tilbudet ved de to instituttene. På bakgrunn av rapporten fra arbeidsgruppen, på samtaler med stipendiater ved IF og diskusjoner i ledergruppen og i forskningsutvalget, vil vi foreslå nedenforstående modell for forskerutdanningen ved IF.

Vi kan dele stipendiatene ved IF inn i tre hovedgrupper<sup>1</sup>:

- Språkvitenskap og filologi
- Litteratur og kultur
- Fagdidaktikk

Vi ser det som viktig at disse gruppene får likeverdige tilbud. Språkvitenskap og filologi ivaretas av den allerede eksisterende forskerskolen ved IF/LLE. Litteratur og kultur ivaretas av en nyopprettet forskerskole med utgangspunkt i det eksisterende avhandlingsseminaret ved IF (eventuelt i samarbeid med LLE<sup>2</sup>). Fagdidaktikk ivaretas av forskergruppen Strategier for språkkompetanse som er et samarbeid mellom LLE og IF.

Hver av de tre gruppene (to forskerskoler/ en forskergruppe) får ansvaret for følgende:

1. Prosjektpresentasjoner og avhandlingsseminarer
2. Mesterklasser
3. Faglig-sosiale aktiviteter som regelmessige felleslunsjer
4. Organisering av forskerkurs (som bidrag til og finansiert av de nasjonale forskerskolene, der disse fins)

Poenggivende forskerutdanningskurs arrangeres som del av og koordineres med de nasjonale forskerskolene<sup>3</sup>, slik at vi unngår overlapp.

Hver gruppe får tilført ressurser som følger:

En (evt. to hvis samarbeid med LLE) vitenskapelig ansatt forskerskoleleder får ansvaret for å organisere avhandlingsseminarer og mesterklasser for hver gruppe. Det åpnes for at vitenskapelig ansatte ved IF og LLE kan delta i avhandlingsseminarene som respondenter/kommentatorer i når det er ønskelig.

Forskerskolelederen(e) får en timeressurs på xx antall timer/semester.

Forskningsutdanningskoordinator (eller andre i administrasjonen) får ansvaret for å oppdatere websidene til forskergruppene, til å føre budsjettet og til praktiske gjøremål, som å bestille lokaler til felles lunsjer og andre aktiviteter, flybilletter/hotell ved gjesteforelesere, etc.

Så langt det er mulig organiseres det mesterklasser for de som ønsker det. I noen tilfeller vil de nasjonale forskerskolene kunne dekke kostnadene til slike mesterklasser. Det avsettes

---

<sup>1</sup> Stipendiater innen kulturkunnskapsdisiplinen ved Spansk språk og latinamerikastudium faller ikke nødvendigvis inn under disse disiplinene, og her må vi se på individuelle løsninger.

<sup>2</sup> Når det gjelder ressurser til forskergruppene, vil det ikke kunne avklares før vi vet om LLE er med i alle tre gruppene. Derfor er foreløpig alle ressurser merket med XX i dette notatet.

midler til xx antall mesterklasser per år som tildeles etter søknad. Forskerskolens administrative koordinator står for det praktiske knyttet til organiseringen av mesterklasser.

Hver gruppe får et årlig budsjett på xx kr til invitasjon av gjesteforelesere, etc.

#### Oversikt over de tre lokale forskerskolene

Forskerskole	Språkvitenskap og filologi	Litteratur og kultur	Fagdidaktikk
Faglig leder	Torodd Kinn (LLE) Bente Hannisdal (IF)	Tba	Tba
Administrativ koordinator	Jan Johansen (IF)	tba	tba

## OPPRETTELSE FAGKOORDINATOR FOR DIDAKTIKKSTILLINGENE VED IF

Vedtatt av rådet ved Institutt for fremmedspråk 28.mai 2015

### BAKGRUNN:

På ledergruppens seminar i januar ble det drøftet å opprette en egen fagkoordinator for fagdidaktikk for å kunne utnytte ressurser på tvers av fagene og fordi fagdidaktikkens egenart med inkludert praksis i skolen gjør at emnene har en ekstra utfordring. Med en slik fagkoordinator vil man kunne koordinere undervisningen i de forskjellige språkfagene slik at det ikke utvikles for store individuelle forskjeller og man kan videre utnytte ressurser på tvers av språkene. På denne måten vil også fagdidaktikerne være fast representert i UUI. Fagdidaktikerne er orientert om forslaget om en egen fagkoordinator og har gitt sin tilslutning.

Instituttet tilbyr fagdidaktikkemner innen lektorprogrammet og også innen PPU, og vi har følgende faste stillinger i fagdidaktikk:

Engelsk: 1 professor og 2 førsteamanuenser (under utlysning, forventet ansettelse 1.1.2016)

Fransk: 1 førsteamanuensis (50%)

Tysk: 1 førsteamanuensis

Spansk: 1 førsteamanuensis (50%)

I tillegg tilbyr vi fagdidaktikk i italiensk når det er studenter til dette. Det gjøres av en av de fast vitenskapelige i italiensk språk. Noen av fremmedspråkene har hatt få studenter og i vår har vi hatt noe fellesundervisning i fransk, tysk og spansk fagdidaktikk (PPU, andre semester). Dette har vært vellykket og vil være en mulig modell også i fremtiden. Fagdidaktikk er en integrert disiplin ved IF, men likevel er ikke disiplinen fast representert i UUI. Det er heller ikke andre disipliner, men ledelsen mener at fagdidaktikken står i en spesiell stilling her og bør ha en fast representant.

### Retningslinjer for fagkoordinator i fagdidaktikk ved Institutt for fremmedspråk:

1. Fagkoordinatoren i didaktikk skal ha et overordnet oppsyn med fagdidaktikken (inkl. emnebeskrivelser) ved IF.
2. Fagkoordinatoren i didaktikk skal kalle inn de andre fagdidaktikerne ved IF til møte en til to ganger i semesteret for å ta opp spørsmål som gjelder didaktikken i lektorutdanningen og PPU.
3. Fagkoordinatoren skal også vurdere behovet og muligheter for å ha fellesforelesninger innen flere av språkfagene der det er hensiktsmessig.
4. Fagkoordinatoren skal være representert i UUI (1).
5. Fagkoordinatoren skal være IF sin representant i Programutvalget for lærarutdanning ved HF (PUHF).
6. Instituttleder peker ut en fagkoordinator for didaktikkstillingene ved IF.
7. Fagkoordinatoren innehar normalt vervet i fire år.
8. Vervet kompenseres med 50 timer i undervisningsregnskapet.

(1) Dersom dette blir vedtatt, må følgende forandres i UUI sitt mandat under representasjon:

*Desse er med i utvalet:*

- *Åtte fagkoordinatorar, dvs. ein frå kvart av faga arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk/kinesisk, russisk, spansk og tysk.*
- *-> Ni fagkoordinatorar, dvs ein frå kvart av faga arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk/kinesisk, russisk, spansk og tysk, og ein koordinator for fagdidaktikken*